

Rabben rustar opp sanitærbygget

18.12.2012

Rabben Feriesenter har lenge hatt planar om å rusta opp sanitærbygget men først no vert det til verkelegheit. Nabovarsel er sendt ut og av dokumentane går det fram at det vert 74 kvadratmeter ny bebyggelse. Eksisterande bebyggelse er 109 kvadratmeter.

I tillegg til utvidinga vert det også ombyggjing av eit bygg som i dag ber preg av å vera bygd på i etappar.

Dei respektive tilbygg har alle eigne takflater. No skal heile bygningsmassen samlast under eitt nytt tak. På samme tid vert alle tilbygg bygd saman for at det skal bli skapt eit heilheitleg inntrykk av fasaden.

Prosjektet er i tråd med gjeldande reguleringsplan som vart vedteke etter ein lang handsaming.

Over er det nye sanitærbygget sett frå alle sider medan bygget i dag er sett frå vest på fotografiet under som er henta frå saksdokumentane i kommunen. HEFØ Boligutvikling i Florvåg skal stå for byggjinga.

Av Ola Matti Mathisen